



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5213 - 15/9486

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
04.05.2015

Utsleppsløyve - gbnr 174/44 Totland (Til anlegg på gbnr 174/6)

Administrativt vedtak. Saknr: 165/15

Tiltakshavar: Sissel-Anny og Arnulf Hjelmtveit
Ansvarleg søker: Lindås Rør & Sanitær AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve i samband med at det vert søkt om oppføring av to tilbygg til eksisterande bygg på gbnr 174/44. Bygget er opprinnleg oppført som garasje, men skal no nyttast til oppbevaring av gjenstandar knytt til samferdslehistoria. I eitt av tilbygga skal det etablerast toalett for eige bruk. Eigedomen treng såleis utsleppsløyve.

Det skal nyttast Jets vakumtoalett. Bygget er ikkje innreia for varig opphald og det skal ikkje nyttast til næring eller som arbeidsplass. Storleiken til utsleppet er opplyst til 1 pe. Avlaupet frå eigedomen skal førast inn på eksisterande biologisk/kjemiske reinseanlegg av typen Biovac, på eigedomen gbnr 174/6.

Anlegget er delvis etablert, men ikkje tilkopla og sett i funksjon.

Det vert elles vist til søknad mottatt 15.04.2015.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål med særskild omsynssone landbruk. Det er gitt dispensasjon for etablering av tilbygg i vedtak datert 06.03.2015. Det vert vurdert at omsøkte avlaupsanlegg vert omfatta at dispensasjonsvedtaket.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 15.04.2015 jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.



Nabovarsel

Det ligg føre tinglyst rett til å nytta eksisterande reinseanlegg på gbnr 174/6 og samtykke frå Statens vegvesen, datert 16.03.2015, til å kryssa fylkesveg 401 slik det er søkt om. Det vert vurdert at ytterlegare nabovarsling ikkje er naudsynt.

Reinsekrav

Eksisterande reinseanlegg som utsleppet skal førast til stettar reinsekrava for utslepp til følsamt/normalt område med brukarinteresser.

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket skal plasserast delvis på eigedomen gbnr 174/6. Det ligg føre tinglyst rett til å nytta eksisterande reinseanlegg på gbnr 174/6.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.

VURDERING

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre. Utsleppet er av mindre storleik, oppgitt til 1 pe. Bygget er ikkje innreia for varig opphald og skal ikkje nyttast til næring eller arbeidsplass. I tillegg vil bruk av Jets toalettløysing gje eit sterkt redusert utsleppmengd i høve til bruk av ordinært vassklosett. Den samla auken i belastning på eksisterande avlaupsreinseanlegg vil såleis vera liten.

Kommunen føreset at det etablerte avlaupsanlegget har tilstrekkeleg kapasitet til den omsøkte auken. Eigaren av anlegget er ansvarleg for forureining frå anlegget. Dersom det oppstår forureining som følgje av utsleppet, eller som følgje av at reinsekrava vert endra, kan eigaren av anlegget få pålegg om oppgradering av anlegget.

Kopi av vedtaket går til eigar av gbnr 174/6.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av utsleppsleidningen vert handsama som del av søknaden om etablering av tilbygga etter plan- og bygningslova.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for bygg for oppbevaring av gamle gjenstandar på gbnr 174/44, i samsvar med søknad mottatt 15.04.2015 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet frå egedomen skal førast inn på eksisterande avlaupsreinseanlegg på gbnr 174/6.
2. Bygget skal ikkje nyttast til varig opphald, til næring eller som arbeidsplass.
3. Egedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felles avlaupsleidning dersom slike vert etablert i området og kommunen set krav om det.
4. Etablering av avlaupsleidningen er eit søknadspliktig tiltak etter reglane i plan- og bygningslova og vert handsama som del av søknad om etablering av tilbygg.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova medfører ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget, eller nokon del av det, kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utsleppsløyve < 50 pe	1	Kr 5 600,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 600,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5213

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anita Hjelmtveit

Seinstranda 267 5912

SEIM

Kopi til:

Sissel-Anny og Arnulf Hjelmtveit

Seimstranda 267 5912

SEIM

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ